



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Signe Råheim		18/370

Saksnr	Utval	Type	Dato
008/18	Eldrerådet	PS	14.11.2018

### Innspel til arbeidsgruppe rekruttering av ny rådmann

#### Saksutgreiing:

#### Bakgrunn

Kommunestyre 28.06.2018 gjorde følgjande vedtak: Kommunestyret vedtek at det vert sett ned ei arbeidsgruppe frå formannskapet samt ein representant frå dei uavhengige og to frå dei tillitsvalde til å styre prosessen fram til tilsetjing av ny rådmann i Fedje kommune. Gruppa skal i kommunestyremøtet 25.september 2018 leggja fram ein plan for framdrift i saka. Det fell naturleg at ordføraren vert leiar for gruppa. Vedtaket vart vedteke mot Ap sine tre røyster.

Gruppa hadde sitt første møte den 12.september 2018. Der ble det vedteke ein framdriftsplan. Det er ønskjeleg, av fleire grunner, å få innspel frå så mange som råd, om kva kvalifikasjonar me forventar å finna hjå kandidatane, og som skal leggjast vekt på i utlysninga. Det vert difor lagt opp til at partigrupper, Næringsrådet, Ungdomsrådet, Eldrerådet og dei tilsette gjennom sine organisasjoner og på personalmøte, snakkar om og kjem med innspel. Alle innspela skal inn til arbeidsgruppa innan medio november og vil seinare vera grunnlag for utarbeiding av utlysningstekst og kriterier for tilsetjing.

Gruppa var samde om å gjera avtale med eit byrå for å få hjelp i den vidare prosessen. Frå november startar arbeidet med å få inn aktuelle byrå som kan inviterast til å gje oss anbod på den hjelpe me treng. Det går tid med å velja ut dei aktuelle byråa. Dei igjen treng tid (4 veker?) til å laga anbodet. Men me tek sikte på å skriva kontrakt med byrået i januar.

Utlysning i media i februar.

Søknadsfrist mars.

Utviljingsprosessen tek erfaringsmessig ein del tid, t.d. kan det verta behov for 2.gongs utlysning. Tilsetjinga bør skje på kommunestyret sitt møte i juni.

Kommunestyret den 25.09.2018 gjorde følgjande vedtak: Kommunestyre tek framdriftsplanen til orientering.

#### Konklusjon

Arbeidsgruppa ber eldrerådet om å kome med innspel til kva dei meiner bør leggjast vekt på i utlysninga av ny rådmann.

#### Forslag til vedtak:

Eldrerådet tek saka til orientering.



## Eldrerådet - 008/18

### **ELD - behandling:**

Felles framlegg:

Eldrerådet ber arbeidsgruppa for rekruttering av ny rådmann ta med seg følgjande innspeil i prosessen: Ny rådmann bør vere inkluderande, samarbeidsviljug, open til bygda, ha erfaring som leiar , spesielt frå offentleg verksemd. Rådet er skeptisk til rekrutteringsbyråa si tilnærming.

### **ELD - vedtak:**

Eldrerådet ber arbeidsgruppa for rekruttering av ny rådmann ta med seg følgjande innspeil i prosessen: Ny rådmann bør vere inkluderande, samarbeidsviljug, open til bygda, ha erfaring som leiar , spesielt frå offentleg verksemd. Rådet er skeptisk til rekrutteringsbyråa si tilnærming.

Samrøystes vedteke.